

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2016/17:

## 1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

### 1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	
2016/17	

### 1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	1,2	3,2
	2016/17	0,29	1,8
Termin 2/standpunkt	2015/16	1,02	0,5
	2016/17	0,1	0,9
Eksamen	2015/16	2,2	0
	2016/17	2,2	0

### 1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	0
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	0
<p><i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?</i></p> <p>Skulen hadde lågt frávær før nye fráværsgrense. Likevel gjekk fráværet enda meir ned i samband med innføring av ny fráværsgrense. Læringsutbyttet er ikkje målbart, men antal elevar med iv og 1 gjekk ned.</p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?</i></p> <p>For å redusera 1 og IV gjekk skulen i dialog med faglærarar og sette i verk tiltak særleg inn mot framandspråklege elevar. Desse elevane fekk tilpassa kvardag utifrå sine behov og ferdigheiter. Elevane fekk eigne timeplanar og alternative skuledagar etter nyttår. Alle elevane fullførte skuleåret.</p>	

### 1.4 Gjennomsnittleg frávær

2015/16	timar	
	dagar	
2016/17	timar	
	dagar	

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10	
2015/16	0,75
2016/17	1,68

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?            Nokre elevar bytta skule ved skulestart.            Ein elev slutta grunna sjukdom våren 2017. Eleven vart følgd opp gjennom heile hausten og hjelpeapparatet var inne.</p>	

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18	
<p><b>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?</b></p> <p>Skulen jobbar målretta for at alle elevar skal møta kvar dag, at dei skal delta aktivt i opplæringa og oppleva meistring i faga. Me har gode rutinar for kartlegging og er årvakne på elevar med teikn på utfordringar som hemmar læring eller som har vanskar med å visa kompetansen sin. I møte med desse har me ei heilskapleg tilnærming, der kontaktlæraren koordinerer samarbeidet med og rundt eleven. R-team vert kopla inn i komplekse saker og leiinga ved skulen har elevsaker som tema på vekentlege møter.</p> <p>Skulen har eit tett samarbeid mellom kontaktlærer/ faglærer, rådgjevar og elevinspektør ved fråvær. Dette arbeidet er forankra i handlingsplan ved fråvær. Elevinspektør er ein del av leiinga, noko som fremjar god kvalitet i oppfølgingsarbeidet av elevar med fråvær. Godt oppmøte er vesentleg for å få jobba godt saman med elevane i læringsarbeidet deira. Neste skuleår får me ny elevinspektør, det å etablere eit godt samarbeid med henne og ha god struktur på oppgåvefordeling vert viktig.</p> <p><b>Forsking viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?</b></p> <p>Me har bygd systema våre opp kring rettleiinga «blikk for alle, fokus på den enkelte». For å førebyggja fråfall i overgangen mellom grunnskule og vg. opplæring jobbar me saman med kommunen. Alle rektorane og rådgjevarane har eige fora, med møter saman med næringslivet i kommunen. Alle 10.klassingar er innom og gjer seg kjende med skulen og opplæringa me tilbyr her 1 dag og er invitert inn ein dag til. Me hadde utdanningsmessa, saman med andre vg.skular, næringsliv og Lions, den var obligatorisk for elevar i ungdomsskulen, og føresette var inviterte. Me har hatt enkelte grupper med elevar frå 9.trinn på omvising og praktisk arbeid. Me har overføringsmøter saman med ungdomsskulane, der dei presenterer behov og kva tilrettelegging enkeltelevar har hatt nytte av. Skulen har elev, med føresette til elevar under 18 år, til samtale før skulestart. Kontaktlærer har tidleg elevsamtale med alle og driv relasjonsbygging. All informasjon om elevane nyttar me til å organisera opplæringa og følgja opp elevane. Dei med risikofaktorar har me spesielt årvakne på. Me er ein liten skule, der elevane på VG1 vanlegvis veit kven lærarane dei møter på VG2 er, det trur me gjer det enklare for enkelte elevar å få ein god start på VG2. Arbeidet vårt retta mot fullført med bestått resultat for alle skal førebyggja fråfall både mellom VG1 og VG2 og vidare i utdanningsløpet. Me kartlegg kompetanse i matematikk, engelsk og norsk i starten av skuleåret for å supplera bildet me har av kompetansen og ev. risikofaktorar hos elevane.</p>	

***Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?***

Avdelinga i Øystese er det få/ingen sluttarar. Det er nokre som byter skule ved skulestart.

***Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?***

I og med at tala er så gode, kan skulen nytte tida til andre utviklingsarbeid og organisering av trivseltiltak på skulen.

## 2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

### 2.1 Utviklingstiltak – Vurdering av eleven si læring og fullføring.

*Kva var målet med tiltaket?*

Auka læringsutbytte og fullføring av skuleåret

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Skulen har jobba saman med elevråd og lærarar med elevundersøkingar og god tilbakemelding til alle elevane.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Det er viktig overfor elevane at dei veit kva dei skal læra, og kva dei skal gjera for å oppnå høg kompetanse i faga. Lærarane må vera tydelege på dette i tilbakemeldingane. I tillegg vil ein auka samarbeidet mellom lærarane på skulen for å auka læringstrykket, men fordela trykket over heile året.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Fellestida for lærarane har vore nytta til dette arbeidet. Elevrådet har meldt tilbake og skulen har organisert prøveplanar og organisert kalenderfunksjon på its for at lærarar skal kunne planlegge prøvar og innleveringar betre.

#### 2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har sett av tid på planleggingsdagar og fellestid i vekene.

#### 2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Ja, elevane melder tilbake at prøvar og innleveringar vert jamnare fordelt gjennom skuleåret. I tillegg er tilbakemeldingane betre seg. Elevane ynskjer meir munnlege tilbakemeldingar.

#### 2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Skulen har vorte betre i dialogen med elevane i vurdering og arbeidsfordeling. Mindre støy frå elevane og færre som dett av i hektiske periodar.

#### 2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Det har gått greitt, men det er ikkje alltid alle lærarar føl opp.

## 2.2 Utviklingstiltak – Klasseleiing

*Kva var målet med tiltaket?*

Betre læringsutbytte, meir trivsel og fellesskap.

*Gi ein kort omtale av tiltaket.*

Samordne lærarane med: Tydleg mål for timen, felles regelhandtering, oppsummering av økta og drøftingar kring databruk.

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?*

Skulen måtte betre seg på dette. Det var ulike praksis frå lærar til lærar frå klasse til klasse.

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?*

Kontaktlærarmøte, oppstartturar, elevråd, lærarsamarbeid, klassen sin time mm.

### 2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Skulen har sett av tid til arbeidet på fellestid og planleggingsdagar. Elevrådet har og jobba med dette.

### 2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Skulen er meir einsretta mot felles mål og reglar, samt betre kontakt mellom lærarar og elevar.

### 2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Skulen er på veg til å nå måla. Arbeid må vidareførast og vidareutviklast.

### 2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Arbeidet er godt i gong og må følgast opp vidare. Kan vera vanskeleg å få med alle.

### 2.3 Utviklingstiltak – IKT på tvers av skulane

Dette tiltaket har skulen ikkje fått jobba med. Skulen har vore i omstilling og tida har ikkje stukke til. Sjukemedlingar har og gjort at dette arbeidet ikkje kom så lagt som vi hadde tenkt.

#### 2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

#### 2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

#### 2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

#### 2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

### 3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

**3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Personalmøte, planleggingsdagar og klasselærarråd.

**3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?**

Deltaking, tilbakemelding i møte gjennom innkallingar til fellesmøte.

**3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?**

Fellesmøte med referat og innkalling. I tillegg nyttar skulen its learning der alle regelverk, informasjon og planar ligg.

**3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?**

Sakene vert løfta inn i klassen sin time og elevrådet ved skulen saman med elevinspektøren. I tillegg har skulemiljøutvalet vore aktive dette året og gjort mykje.

**3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?**

Samla personalet og sikre utviklingsarbeidet for alle. Det har vore utfordrande å få seg alle i utviklingsarbeidet og sikre framdrift

**3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.**

Skulen er i omstilling, og forankringa må ligge i begge avdelingane. Kultur og identitet, FYR, læringsøkta og rekruttering og marknadsføring.

### 4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.